



Midtre Nordfjord Turlag



ÅRSMELDING 2024/2025

STYRET

- Trude Eimhjellen-leiar
- Helge Aske-nestleiar
- Astrid Myren-skrivar
- Elin Leikanger-kasserar
- Ann Christin Gimmestad Berge-styremedlem
- Lars Erik Karlsen-styremedlem
- Siri Nesbakk og Tor Arne Hauge-varamedlemmer

MØTER

Vi har hatt 7 styremøter (2 av dei på Teams) og behandla 66 saker i år. I tillegg har vi handtert saker pr. epost, facebook, messenger og telefon.

REPRESENTASJON (dei viktigaste)

Tor Arne har representert MNT i Ålfotbreen landskapsvern. På møtet i Naustdal og Gjengedal landskapsvern var det dessverre ingen repr. frå MNT.

Helge og Trude har repr. MNT på møte med Gloppen kommune om søknad til prosjektet «Gjekk ein tur på stien».

MNT har vore representert på årsmøte, haustmøte i regi DNT Sogn og Fjordane.

Helge har vore med på sti-skulen, som vart arrangert på Sandane i juni. Her var det med deltakarar frå kommunar og organisasjonar, der sti-bygging er aktuellt. Instruktør her var Rune Holen, som jobbar for Stasforvaltaren.

SAMARBEID

Eit godt samarbeid gjev resultat. Vi samarbeider sjølvstendig med DNT Sogn og Fjordane, og DNT sentralt.

Andre samarbeidspartar er Landskapsvernet som vi både merkar og utbetrar stiar ilag med, i tillegg til at vi får støtte for utført arbeid i vernet. Vi har og innverknad på kva tiltak som blir utført.

Kommunane hjelper oss med grunneigaravtaler, samarbeid om skilting og merking mm. I år har MNT hatt mykje møteaktivitet med Gloppen kommune i samband med søknad på prosjektmidlar «Gjekk ein tur på stien», som Sparebankstiftinga deler ut. Skal vi søke på dette må kommunen stå som søkar, og prosjektet må være spelemiddelberettiga. Gloppen kommune har valgt utbetring av sti til Haugsvarden, som prosjekt for søknaden. Dette har krevd mykje forarbeid, bla. fleire synfaringar, som har resultert i ein grundig rapportplan



Midtre Nordfjord Turlag



over arbeidet som er tenkt utført. Rapporten er laga av Jørgen Hundset, som har laga slike planar for liknande prosjekt. Helge Aske, nestleiar i turlaget, har vore primus motor og lagt ned mange timar på møte og ute i felt for prosjektet.

4.november fekk vi svar på søknad og Gloppen kommune/MNT har fått kr.500 000,- til prosjektet.HURRA!!

Samarbeid med Eid Ungdomsskule og Gloppen ungdomskule med Opptur.

I samband med at det er **Friluftslivets år** i år, som eit landsomspennande prosjekt har MNT samarbeid med Gloppen Janitjar om friluftskonsert på TINcamp, med Fjordane Folkehøgskule om vardebrenning, og med Nordfjord folkehøgskule, som saman med Barnas turlag arrangerte «Hele Norge båler» på TINcamp i Trivselskogen. I haust samarbeidde Barnas turlag og Gloppen jeger og fiskelag om å arrangerer «Hele Norge spiser ute» på komdeg-ut-dagen.

NVE og DNT fjellsport var med då ein arrangerte skredkveld.



Fullt hus i kommunestyresalen på Nordfjordeid!

T-TUR

Turar for unge og vaksne. Vi har 10 turar på Eid, og 10 i Gloppen. Turane ligg på app'en til DNT: Ut.no.



Midtre Nordfjord Turlag



Gloppen

Statistikk 04.12.2024 til 30.11.2025

Sted	Antall besøk
Åsebøvatnet	48
Montelhaugen i Gloppen	51
Skavegga i Gloppen	98
Fitjestøylen	43
Svartekari	75
Svarthammaren	69
Støyvastøylen	213
Ryssdalshornet	45
Svarthammaren Gimmedstad	43
Jardalsvatna	45

Totalt antall besøk i datoperioden

730

Antall unike personer med besøk i datoperioden

155

Antall som har fullført lista i datoperioden

19

Stad:

Statistikk 01.12.2024 til 01.11.2025

Sted	Antall besøk
Villevatnet i Stad kommune	35
Remmesætra i Stad kommune	32
Sollidkollen i Stad kommune	33
Henneskarsvatna i Stad kommune	25
Nordfjordtoren i Stad kommune	30
Hausvatnet i Stad kommune	28
Stigane i Stad kommune	81
Rindalssætra i Volda kommune	18
Nausa i Stad kommune	57
Indre Åsane	46

Totalt antall besøk i datoperioden

385

Antall unike personer med besøk i datoperioden

86



Midtre Nordfjord Turlag



Antall som har fullført lista i datoperioden

13

TURAR/AKTIVITETAR

Vi har hatt ulike vanskeleghetsgrad og type på arrangement/turar dette året og. Vi har hatt både korte og lengre turar, i helg og ettermiddagstur.

Langturar:	Antal	Turleiar
Nordfjorddryggen	3	Synnøve Førde, Trude Eimhjellen
Haugabreen	17	Steffen Sandene, Vidar Nyhammer, Dag Apalset

Tur til Troda, Hallehornet og Gjengen vart alle avlyst anten grunna dårleg ver, eller sjukdom. I Gloppen har vi hatt ettermiddagstur kvar tysdag i perioden april-september, utanom juni og juli. Stad gålag har hatt onsdagstur i same periode. Ein midtveketur var felles, og den gjekk til Midtresholten på Sandane.

Skredkvelden var i samarbeid med NVE ,og DNT Fjellsport. Her møtte over 60 personar, og det vart ein vellukka kveld.

Sparebank 1 Sogn og Fjordane, DNT Sogn og Fjordane, Indre -og Midtre Nordfjord turlag var arrangørar då Lars Monsen besøkte operahuset på Nordfjordeid i vår. Her var det fullt hus. MNT var med på friluftskonsert på TIN kamp i juni. Vi stilte med bålpanne, kor vi grilla marshmallows og laga smoarse.

Fjordane Folkehøgskule arrangerte vardebrenning ifb.med sjøsettinga av Vikingskipet på Nordfjordeid. Her var folk frå MNT turleiarar til Vetten på Torheim og på Nausdalskamben. Under Nordfjorddrygg-løpet i september, hadde MNT dugnad i forkant ,med ekstra god merking av løypa, og vi hjalp til på drikkestasjon sjølve løpsdagen.

Styret har arrangert 1 samling for turleiarane i MNT. Vi samla dei på TINcamp og serverte pizza, og målet var å diskutere korleis ein kan lage eit miljø for tuleiarane i laget ,og korleis rekrutere fleire.





Midtre Nordfjord Turlag



MNT Ung 2025

Skikvelden på Utviken vart diverre avlyst pga. dårlege snøforhold.


På turen til Haugabreen og på Skredkvelden, var der mange ungdommar med.

Arrangerte DNT ung camp på TINcamp i Trivselskogen i juni.

Det klart største arrangementet i UNG-samanheng er Opptur. Opptur er ein nasjonal turdag der 8. klassingar over heile landet vert inviterte til ein dag med friluftsliv, fysisk aktivitet og naturopplevingar.

Eid ungdomsskule deltok også i år, med alle 4 klassene. Opplegget var om lag det same som tidlegare, der MNT sponsa buss frå skulen og ut i Hjelmelandsdalen/Harpefossen. Elevane gjekk tilbake over Tippaskaret til Fossane og ned att til skulen. Det var om lag 80 elevar og lærarar som deltok. Dei brukte heile dagen på turen, med fleire pausar. Stemninga var god, både blant elevar og lærarar.

Også Gloppen ungdomsskule sin 8.klasse deltok i år. Dei gjekk tur frå skulen til Leirstøylen og tilbake. MNT sponsa transport til elevar med funksjonsutfordringar, og vi laga til natursti. Bente Ellingvåg frå seiorgruppa i MNT stilte opp på skulen og ynskte god tur.



Klar til isklatring på Haugabreen.



Midtre Nordfjord Turlag



Ungdomscamp 2025

Vi arrangerte DNT ung camp 26.-27. Juni. Med Tin-Camp som base og overnattingsplass.

Vi hadde eit maks antall på 15 deltakarar. Det var til slutt 13 påmelde, 12 som møtte.

Frå DNT hadde vi med 2 leiarar som har tatt «unge naturtalenter» kurs. I tillegg var vi 2 voksne som var med heile leiren, 2 som kom og gjekk litt, og 2 lokale ungdomar som var med dag 1 og hjelpte til med matlaging.

Det var tilbuddt mulighet for å sove i hengekøye, eller på benkar. Vi hadde 2 hovudaktivitetar, men tykte og det var viktig med «fritid» og mulighet å berre få vere ilag, at det ikkje skulle vere organisert aktivitet heile tida.

Dag 1;

Oppmøte kl.11 ved tin camp. Vi hadde litt bli kjent leikar og åt lunsj før vi gjekk samla ned til hallen der vi hadde klatring. Vi hadde 4 frivillige som var med og sikra i klatreveggen. Her blei mykje god aktivitet, både med klatring, og med fotballspeling i hallen.


Tilbake på tin camp blei det taco, og laga popcorn og vafler på bål. Ymse felles aktivitet med kubb spel, volleyball og kortspel.

Dag 2;

Etter felles frokost tok vi buss ut til Folkehøgskulen der vi møtte stisyklingsinstruktør, og fekk utdelt stisyklar. Heile dagen blei brukt i stilsyklingssenteret, og på ei lenger, meir utfordrande runde i skogen for dei som ønskte det.

Camp blei avslutta med pizza på mona lisa.

Ein kjekk camp.





Midtre Nordfjord Turlag



MNT senior: Bente Ellingvåg har vore turleiar i MNT senior, og på mange av midtveketurane. Vi har utført 3 turar for seniorane i år. Det var til Skavegga via Støyvastøylen, Svarthammaren Sørstranda og til Holtane via Mardalstøylen. Totalt 26 deltakarar. Dei melder at dei er nøgde med tilbodet og at dei ynskjer at det held fram.



Mosekleivhornet fekk vi ikkje gjennomført grunna dårleg ver, men vi prøver igjen neste år! Tur til Rindalssetra vart erstatta med ein kortare tur til Villevatnet

Årsmelding Stad gålag 2025:

Dette året har vi hatt 15 turar, ein gong i veka, med unnatak av sommar-ferien. Turane vart stort sett gjennomført som planlagd, med litt endringar grunna dårleg ver. Turen til



Følgjande turar vart gjennomført:

Indre og Ytre Åsane frå sjøen

Rundtur i Holmøyane

Tjæretoppene

Sollihornet - Hjellesætra

Storevarden – Remmesætra

Skjolden – rundtur på Barmen

Sollikollen – frå Eikås til Årdal

Galten- Kornbergveten

Hoplandskaret - Henneskaret

Gangeskaregga

Frå turen til Barmen – ein ønskjereprise



Nordfjordtoren/Blåsalen
Villevatnet
Midtresholten
Torheimsætra
Nausa



Turfølge ved Skramsvatnet i Måløy

Vi har gått turane på onsdag eller torsdag ettermiddag, med avgang frå Rutebilstasjonen på Nordfjordeid, for samkøyring.

Dei første turane held vi oss i

låglandet, først til Indre og Ytre Åsane,

deretter ein rundtur i Holmøyane. Dei lengste turane har vi gått rett før og rett etter sommarferien, slik at vi har utnytta lyse sommarkveldar. Siste tur gikk til Nausa i Hjelmelandsdalen, der vi kosa oss med grillmat eit fin septemberkveld. I snitt har vi vore 15 personar på kvar tur, frammøte har variert frå 6 til 29 personar



Dei fleste turane har vi gått i Stad kommune, men vi har også gått turar i Gloppen, Volda, Kinn og Stryn.

Vi har annonsert alle turar på Stad gålag og MNT sine Facebook-sider, med turrappport etterpå. Stad gålag har no 528 følgjarar på Facebook.

Vi har hatt mange flotte turopplevingar i år og, og håper turdeltakarane stiller på igjen i 2026, med like flott engasjement og humør. Turane vil starte opp att etter påske.

Årsmelding Midtveketurar Gloppen:

Det har vore gjennomført 15 turar denne sesongen. Oppmøte STIL-stova Sandane, tysdagar kl. 17. Vi har prioritert i ha turane i området Sandane- Breim for å avgrense køyrelengda. Vi har samkøyr i privatbil på turane.

Turar:

Moane/Gimmestad, Andaåsen, Søreide/Jardalen, Valborgkleiva/Leirstøylen, Liabakkvegen/Ver eide, Ingrid-Bjarne-råsa/Reed, To-dørshellaren/Hyestranda
Svarthammaren/Nordstranda, Nova/Engesetåsen, Montelhaugen, Dimma/Veten, Hellebergmu seet, Moldestadbakkane, Midtresholten (med Stad gålag), Vereideskogen, rundtur Holvikstøylenomr.



Midtre Nordfjord Turlag



Det har vore alt frå 1 deltakar til 26(Midtrasholten),og i gjennomsnitt 9 deltakarar.(På turen til Nova var der kun turleiar som gjekk,der var eit skikkeleg uvær,med kraftig vind og regn, så absolutt ikkje fristande turvær i bratt og ulendt terreng).

Det har vore kjekt å være med som turleiar, og ein opplever at turane vert sett pris på. Ekstra kjekt at vi har fått med oss ein fast turdeltakar som kom til Sandane, som flykting frå Ukraina, og som finn stor glede i å gå på tur med andre.

Turleiarar har vore Bente Ellingvåg, Synnøve Førde, Katrine Aske og Trude Eimhjellen.

ÅRSMELDING Barnas Turlag Gloppen 2025

Styret i Barnas Turlag i Gloppen 2025 Vidare frå styret 2024: - - -

Vegard Lilleheil Per Erik Finstad Eirin Bakketun Sægrov Nye i styret 2025: - - - -

Therese Von Hallas Sara Marie Tystad Jon-Arne Erikstad Elisabeth Gausdal

Det har ikkje vore fordelt ulike roller i styret, som leiar, nestleiar, kasserer, sekretær og styremedlemmar. Dette bør nok med fordel gjerast til neste år.

Følgande ønskjer å fortsette i styret neste år: - - - - Elisabeth Gausdal Jon-Arne Erikstad Sara Marie Tystad Therese Von Hallas Eirin Bakketun Sægrov

Kan hende ein gjer forsøk på å få inn nokre til slik at ein har fleire å fordele arbeidsoppgåver på. Arrangement i 2025 18.januar: KDU-dag vinter, "Hele Norge bålet" 7.sept: KDU-dag haust 19.okt: "Hele Norge spiser ute" og premieutdeling. I tillegg hadde vi eit mål og ein ambisjon om å invitere til lavterskelturar, både sykkelstur, enkle turar til turbotrimpostar og evt trillegruppe, men dette har dessverre ikkje gått i år. Ein håpar på meir aktivitet i Barnas turlag i åra som kjem, og lavterskelturar er då noko ein tenker kan vere overkommeleg å få til. Turbotrimmen Vi har hatt følgjande trimpostar i 2025: - - - - -

Myra-runda Søreidsnakken Røsskleivvatnet Støyvastøylen Traudalsnibba Gloppestadstøylen Vetten (Sandane) Eikeneshesten Myklandsstøylen Gåsemyrstøylen.

I år fekk barna ei hue med "Livet er best ute" på. I tillegg fekk dei eit eple, kjøpt lokalt av Børre Tystad. Marknadsføring Facebook er ein viktig kanal for marknadsføring og vi har no 687 følgjarar på sida vår. Vi har vore aktive på facebook, ved å legge ut info og bilder om turbotrimpostane etterkvart som dei har kome opp. Styrearbeid Det har ikkje vore fysiske styremøter dette året, anna enn eit møte når leiaren frå 2024 gjekk av og nye styremedlemmar skulle inn. Ellers har ein hatt løpande dialog på messenger i forkant av arrangement og fordelt arbeidsoppgåver undervegs. Til neste år er det nok viktig at ein lagar ein tydelegare struktur, fordeler arbeidsoppgåver og roller i styret (leiar, kasserer, sekretær,



Midtre Nordfjord Turlag



arrangementsansvarlege osv), slik at det er meir oversiktleg for alle partar og ein sikrar at nokon tek hovudansvar ved kvart arrangement.

Sandane, 03.11.25 Eirin Bakketun Sægrov

Barnas Turlag Eid.

Styret i Barnas Turlag Eid har vært sammensatt slik:

Einar Andre Varvik	(2022)
Ida Malen Sørensen	(2019)
Jan Frode Kleppe Haavik	(2019, leder)
Monika Solheim	(2020)
Oda Tørset	(2021)
Reidun Vambeset	(2021)

Vi har arrangert 1 Julegran tenning (2024), 1 markering av friluftslivets år og en Familiedag på Naustdals kanten

Vi har hatt 2 styremøter i år.

Vi holder kontakt på Messenger og Facebook, og det fungerer greit.





Midtre Nordfjord Turlag





Midtre Nordfjord Turlag



Julegran tenning på Gildra med 4H	100
Markering Friluftslivetsår med speideren	10
Familietur til Naustdalskamben med sparebank 1	70
Totalt	180

Eid, 10. nov. 2025, Jan Frode Kleppe Haavik (leiar).

Utsyr på Chatlet Sandane pr.01.11.2025

- Randoneski m.fell : Atomic 165cm,177cm. Blizzard 171cm(2par)178cm
- Skistøvlar: Scott str.24,25,27,29,30
Atomic str.25/25,5 29/29,5
- Skistavar telescop: 3 par to-delte, 2 par tre-delte.
- Truger : 2 par.
- Skihjelm: Scott,blå:str.L/2stk,M/1stk
Scott,kvit: str.S/1stk,M/1stk.
Scott,svart: M/1stk.
- Skredsøker 4stk
- Snøspade 4stk
- Søkkestang 4 stk.

Oversikt lager Sandane pr. 21.10.2025

- 16 Selar bein
- 7 ----- kropp
- 25 ----- bryst
- 8 Nye hjelmar
- 1 Gamle hjelmar
- 5 Snø anker
- 8 Tau
- 1 Kasse seletau



- 13 Nye stegjarn (par)
- 6 Stegjarn (par)
- 7 Snøskruar
- 20 Carabin krokar
- 2 Søkstenger
- 2 Søkera
- 3 Spadar
- 1 Satellitt tlf
- 1 Gps
- 13 Nye is økser pluss 3gamle
- 15 Hengekøyer
- 2 Vindsekk
- 2 Tre telt
- 1 Stor kaffikjele
- 3 Bålpanner
- 2 Popcornpanner
- 3 Hytteskilt DNT
- 1 Kasse bøker «Opptur Stad»

Kajakk/Kanoar til utlån

Traudalen:

Langedalen:

Gjengedalen:

Lager Eid:

1 rød T-tur kasse

2 esker med «Opptur Stad» bøker

1 Garmin Oregon 600 GPS, som eg trur BT brukar.

Alt det andre ser det ut som tilhører BT. Dei burde kanskje ta ei opptelling på alt sitt der nede.

Naustet Eid

3 kajakker

3 kano

5 padleårar

2 kanoårar

14 redningsvester(kasserast)

5 svamper

2 lensepumper

2 spruttrekk.



Leigeavtalen for naustet på Eid er no oppsagt av nausteigar. Styret har vedteke å ikkje lenger ha utstyr til utlån, og vil difor gje vekk kajakkar til BUA, og skifte ut 1 gammal kano som ligg ved Villevatnet (som BT-Eid truleg kjøp inn). BUA har ikkje behov for dei 3 kajakkane. Eid jeger og fisk kjøper 2 kanoar.

DUGNAD

1. Rapport på dugnadstimar.

DUGNAD	Styrearbeid	Feltarbeid	Turleiar/Instruktør	Anna
Tal aktivitetar	7	47	39	7
Tal deltakarar	8	9	6	10
Tal timar totalt	422	731	228	226

2. Rapport på aktivitet.

TURAR OG KURS	Vaksne		Barn/ Familie		Ungdom		Senior		Fjellsport		Opne Arrang
	Turar	Kurs	Turar	Kurs	Turar	Kurs	Turar	Kurs	Turar	Kurs	
Tal arrangement	33				3		3		1	1 Skred	3 -KDU -Hele Norge båler
Tal deltakarar	390				13,80, 60		26		17	60	
Tal deltakar totalt	390				153		26		77		200

3. Tal aktive turleiarar og kva utdanning dei har.



Midtre Nordfjord Turlag



Aktivitetsleiar	Nærturleiar	Grunnleggjande turleiar	Sommarturleiar	Vinterturleiar	Kurshaldar
	4	2	2	2	

SKILTING/MERKING

Vi har skilta og merka ein del dei siste åra, i år har vi merka både på Eid og i Gloppen. I Gloppen har Hans Lothe og Bjarte Aasen re-merka Inste Traudalen-Gjengedalstøyle, og Nordfjordryggen, Utviken til Dunheia.

Helge Aske har re-merka fleire ruter i Nordstrandsfjella. Og ordna diverse nye namneskilt.


Vi har no i oktober starta arbeidet med fornying av klopper i verneområdet på Vetenstien/Valborgkleiva Sandane. Svar på søknaden tidlegare leiar sende for 2 år sidan kom i mai i år, og den fekk vi innvilga. Vi har fått laga plank av furu, frå Hyen, spesielt til dette føremålet. No er all planken båret opp til myra, ca 1km frå veg. Dette er gjort av folk som går tur i området på dugnad. Har mål om å få ferdig dei 40m med klopper i november/desember.


På Eid har Lars, Steinar Daviknes, Rune Heggen og Frode Øyen merka og rydda stiar. Dei har sett opp stativ til kano på Villevatnet og bygd klopper. Der er laga fullstendig oversikt over merking, ruter og dugnadstimar. Denne brukast når arbeidet skal vidareførast neste sesong.

MEDLEMSTAL MNT okt.2025: 969 medlemmer

Det har vore eit innhaldsrikt år i MNT. Vi har vore med på mange arenaer, og samarbeid med ulike lag og organisasjonar, om å få folk ut i dei fantastiske turområda vi har rundt oss.

Styret i MNT


leiar


nestleiar